

To dagar til festivalstart - alt er i rute.

25.06.2018



Jan Berntsen, Jostein Røysland og Magne Huglen kan slå seg til ro med at alt er i rute før sjølve rigginga tek til.

**I dag er det to dagar til Festidalen tek til med Festidagen og Lambasleppet. Uskedalen.no gjestar festivalområde måndag kveld og alle kan slå seg til ro med at alt er i rute. Med lite nedbør og turre bakkar går arbeidet unna med stort tempo. Områdegruppa fekk gjort mykje av arbeidet alt i helga og dermed er mykje unnagjort før scenen og riggegjengen kjem i dag, tysdag.**

Uskedalen.no møter dei ansvarlege for scene/rigg, lys/straum, festivalcamp og område.

Steinar Haugland i Områdegruppa er godt nøgd med arbeidet så langt. Ein ligg faktisk mest to dagar før tidsskjema. Som sagt: Mykje godt arbeid vart gjort alt i helga. Derrmed er område klargjort til scene/rigg kjem. Nytt er det at billettar og innsjekk er flytta nokre hundre meter nærare festivalområde. Hesjedugnaden vert i dag kl. 17 med frammøte ved Busslomma. De er graset på Stølen som skal brukast.



Helge Sunde har sitt faste ansvar med straumforsyning til ulike deler av festivalområde.

Jan Berntsen og Jostein Røysland er på plass i scene- og riggegruppa. Det meste av utstyret er på plass og dermed kan sjølve oppbyggjinga starta med grunnlaget i botnen og til vegger og tårn er montert. Selskapet Brighi i Bergen leiger ut scene. Det vert gjort nokre mindre justeringar i høve til plassering.

Forsyning av straum til lys og alle installasjonane er viktig. Helge Sunde, Svein Ove Kjerpeset, Erlend Bjørnebøle og Knut Johannes Ripel er leiarane i denne gruppa. Helge Sunde er med på 4. året og har god kontroll så langt. Det er lagt jordkabel frå trafo nede ved kommunevegen og fram til kontainer. Her vert all straumen fordelt ut til mellom anna scene, tappetårn, bankterminal, belysning, backstage og camp. Gruppa minner om å retta ei stor takk til Eidsvik Eigedom og Apply, Husnes. for lån av utstyr.

Til slutt i denne omgang vil vi ha fokus på Festivalcampen med sine leiarar Johan Nærøy og Eirik Kvindesdal, begge frå Stavanger. Johan ferierer og jobbar i Rosendal. Han fortel at påmeldinga til campen er god. Om lag 100 personar er så langt sjekka inn. Det er plass til fleire og han forsikrar at det vert ein kjempeflott camp. Den beste festivalopplevinga får ein ved å bu på camp. Her er straum, vatn, toalett og ein badekulp. Festivalcampen treng nokre nattevakter og bed om rask påmelding som frivillige.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Johan Nærøy frå Stavanger lovar ein prima camp som vil gje gjestene ein unik festivalstemning.